

(15) JENTER FØR OG NÅ

Tekst og tone:
FREDDIE LANGRIND

Eit lite skjelmeri frå ein som har levd lenge nok til å tru
at han forstår noko som helst ... av dette med jenter

G Em7 G6 D7 G Em



Ga - mal - dag - se jen - ter la - ga li - te støy, tus - la langs - med bygd - de veg med

D7 Am D7 G Em



7 strik - ke - tøy, span - an - de å skrå - sjå ka - ra - ne i onn,

A7 D7 G Am B7 Am D7



13 ein var brei om bringa, ein var blid og blond. Ga - mal - dag - se jen - ter

G Em Am D7 G D7 G



19 bad i af - tan - bøn om eit li - te for - skot på Vå - her - res løn.



Gamaldagse jenter laga lite støy,
tusla langsmed bygdeveg med strikketøy,
spanande å skrå-sjå karane i onn,
ein var brei om bringa, ein var blid og blond.
Gamaldagse jenter bad i aftanbøn
om eit lite forskot på Vårherres løn.

Kjekt moderne jenter gjer meg til ein gnom.
Kor ble flinke piker av i kjend syndrom?
Ikkje står ho audmjuk bakerst i ein kø.
Ikkje ser ho vitsen i å bake brød.
Kjekt moderne jenter har sin eigen stil.
Somme fablar også om sin eigen bil!

Kor skal dette ende? Kvar skal dette gå?
Kva er det ein frilyndt herre må forstå?
Verda er ei gåte, tida går for fort;
før eg kan få tenkt meg om er tingen gjort.
Endeleg forstår eg at det rette svar
er ei skjønn prinsesse til ein bestefar!